



Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsråd
Møtestad:	Teams
Dato:	27.05.2026
Tid:	Kl. 10:00 - 10:30

Faste medlemmer som møtte:	
Andreas Førde Systad	Lavik skule
Aron Stølen Kamonen	Høyanger vgs
Bo Forthun James	Lavik skule
Sondre Lunde-Osland	Bjordal skule

Forfall meldt frå følgjande medl		Følgjande varamedl. møtte	
Celine Myren Bjordal	Bjordal		
Martin Kjørnås Heggø	Høyanger		
Oda Johanne Kjølstad Bell	vgs		
Sarah Othilie Andersen Galvin	Høyanger		

Andre som møtte:	
Kristina Skogly	Sekretær

Underskrifter:

Bo Forthun James

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
008/26	Referatsak og meldingar	
009/26	Høyringsuttale frå medverknadsråd - Kommundelplan for idrett, kultur og fritid	

008/26: Referatsak og meldingar

Ungdomsråd 27.05.2026

Behandling:

Referatsaker og meldingar

Referatsak som låg føre, vart referert.

UR- 008/26 VEDTAK:

Ungdomsrådet tar referatsaker/meldingar til vitende.

009/26: Høyringsuttale frå medverknadsråd - Kommundelplan for idrett, kultur og fritid

Ungdomsråd 27.05.2026

Behandling:

Felles framlegg - vart samrøystes vedteke

UR- 009/26 VEDTAK:

Uttale frå Ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er positive til arbeidet med kommunedelplan for idrett, kultur og friluftsliv, og ønskjer særleg fokus på eit mangfaldig og inkluderande aktivitetstilbod for ungdom – også for eldre ungdom.

Fleire peikar på fråfall i aktivitetar som korps, turn og kulturskule i ungdomsåra.

Ungdomsrådet meiner det er viktig å ta vare på breidda i tilboda, samstundes som ein ser at fotball og handball rekrutterer mange ungdommar. Sosial tilknytting, fellesskap og tilhøyrse er viktige faktorar for at ungdom skal halde fram i aktivitet.

Ungdomsrådet ønskjer òg fleire arrangement og konsertar retta mot ungdom, gjerne med aldersgrense rundt ungdomsskule- og vidaregåande alder. Ungdomsrådet meiner slike arrangement kan bidra til auka deltaking, fellesskap og eigarskap blant ungdom i målgruppa.

Vidare meiner ungdomsrådet at tilgjenge og inkludering må vere eit sentralt tema i planarbeidet. Mange ungdommar er avhengige av transport for å kunne delta på aktivitetar, og kommunen bør sjå nærare på korleis kollektivtilbodet kan bidra til at fleire får moglegheit til å delta.

Ungdomsrådet ønskjer òg å delta aktivt i det vidare planarbeidet, og stiller seg positive til å delta fysisk i arbeidsmøte og medverknadsprosessar etter vedteke planprogram.